

Verksemdsplan

Satsingsområder for VIKESÅ SKULE

2022/ 2023

1.0 Innleiing

Verksemdplanen er skriven med utgangspunkt i tilstandsrapporten (2020), 10-faktor (2018), utviklingsplanen for oppvekst 2019-2023, nasjonale prøver, eksamensresultat, og elevundersøkinga (2021-2022) og evaluering av skuleåret 21/22 gjort av personalgruppa. Dei oppnådde resultatane er grunnlaget for kva skulen satsar vidare på det neste skuleåret. Målet er at dei tiltak som setjast i verk skal gjera skulen betre.

2.0 Formålet med planen

Verksemdplanen skal sikra at Vikeså skule som organisasjon arbeider systematisk med sine satsingsområder. Planen vil sikra at personalet på skulen får ei felles forståing for det arbeidet som skal gjerast, samtidig som råd og utval vil kunne følgje med på framdrifta og utviklinga som skjer i organisasjonen. Verksemdplanen skal sikra at Bjerkreim kommune sine overordna utviklingsmål (Kommunal utviklingsplan 2019 – 2023) blir fulgt.

3.0 Overordna målsettingar

Vikeså skule har 3 prioriterte satsingsområder for det neste skuleåret.

1. Kompetanseheving knytt til Kap. 9A i opplæringslova - bruk av kompetansepakkar frå Udir
2. Fagleg klasseleiing gjennom arbeid med lesing som grunnleggande ferdigheit i alle fag
3. Uteskule og satsing på friluftsliv

3.1 Kompetanseheving på kap. 9A

Som oppfølging av tilsyn frå statsforvaltaren skuleåret 21/22 vil rektor ta ansvar for vidare kompetanseheving på kap.9A. Skulen vil bruka dei nye kompetansepakkane til UDIR for å systematisk gå gjennom lovtekst, reflektera over og vurdere eigen praksis og skapa felles forståing for det totale arbeidet skulen gjer for å skapa trygge og gode læringsmiljø for elevane våre.

3.2 Fagleg klasseleiing

Det er læraren sitt ansvar å leia klassar og undervisninga på ein slik måte at eleven får eit best mogleg læringsutbytte. Lærarar som klarer dette, står fram som tydelege vaksenpersonar.

I skuleåret 2022/ 2023 vil Vikeså skule vidareføre satsinga som skulen har hatt innanfor klasseleiing dei siste 12 åra, men med særleg vekt på lesing som grunnleggande ferdigheit i alle fag og vidareutvikling av nye fagplanar. Utviklingsarbeidet i klasseleiing vil gjennomførast ved hjelp av intern kompetansedeling og eksterne foredragshaldarar. . Arbeidsmåten tek høgde for at pedagogisk personale skal arbeida saman for felles utvikling i gruppearbeid med forpliktande utprøving i praksis. I tillegg har skulen fått tildelt øyremerka midler til å vidareutvikla skulebiblioteket til å bli ein lesestimulerande arena. Midlene vil bli brukt på personalressurs som skal ha eit overordna ansvar for presentasjon av nye bøker til kollegaer og elevar på barnetrinnet.

Vikeså skule sitt systematiske arbeid med klasseleiing skal:

- Gje motiverte elever og tilsette
- Skapa, tryggleik og trivsel
- førebu elevane på eigen læring
- Gje gode resultat (fagleg og sosialt)

3.3 Uteskule og friluftssatsing

Vikeså skule har lang tradisjon for å nytta naturen og nærmiljøet i undervisninga. Me ønsker å ha vidare fokus på dette våren 2023. Me vil bruka intern kompetanse og knytta til oss eksterne samarbeidspartnarar i Dalane friluftsråd for å leggja til rette for ein arbeidsmetode som skapar variasjon og dermed motivasjon for fleire elevar.

4.0 Systematisk arbeid for å sikre elevane sitt psykososiale miljø

Vikeså skule har nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar som kan vera øydeleggande for enkeltelever sitt psykososiale miljø. Alle har ein lovbestemt rett til eit godt skulemiljø, noko skulen tek på alvor. Visjonen til Vikeså skule er «*Me vil vera med å gje elevane våre røter og vengjer, slik at dei blir i stand til å meistra livet*». I denne visjonen ligg det til grunn at elevane skal vera trygge og dei skal trivast i skulehverdagen. Utan tryggleik og trivsel vil læring vera vanskeleg. Derfor er arbeidet med å sikra elevane sin rett alltid eit prioritert satsingsområde.

Bjerkreim kommune har utarbeida eit kommunalt system og retningslinjer for arbeidet med det psykososiale miljøet. Ressursteamet v/ rektor har eit overordna ansvar for lærarar som arbeidar med saker som omhandlar kap. 9a i opplæringsloven.

Følgjande blir gjort i løpet av et skuleår for å sikra alle elevar rett til eit godt skulemiljø:

- Gjennomgang av handlingsplaner med tilsette på planleggingsdagar
- Fokusveker. Ressursteamet har fokus på eit trinn intensivt i 2 veker. Observasjon, medarbeidersamtalar, kollektive ferdigheter, sosiogram, K-team mm er ein del av fokusvekene.
- Arbeidet med kollektive ferdigheter (kontaktlærer ansvarleg)

- Stor vaksentettleik i friminutt og overgangssituasjonar
- ART
- Elevsamtalar
- Heim-skule samtalar
- Foreldreinfo ein gong pr. månad
- Foreldremøter
- Trivselsundersøkingar
- Elevundersøkinga
- Sosiogram - kartlegging av klassemiljø
- Tema i råd og utval

5.0 Generelt

Skulen har 3 prioriterte satsingar i skuleåret 2022/23. Men i tillegg til hovudsatsingane er det nokre delområde som skulen må fokusera på.

På leiarnivå vil DEKOM 22/23 ha fokus på brukarmedverknad og korleis ein kan forsterka dette på den enkelte skule. Elevane blir inviterte med på samlingar. I år vil samlingar dreia seg om elevmedverknad i dei ulike faga, og kva for arbeids- og vurderingmetodar lærarane legg opp til. Det vil vera eigne samlingar på faga norsk, matematikk og engelsk i løpet av skuleåret.

6.0 Plan for fellestida – hausten 2022

Månad	Dato	Innhald – u.trinn	Innhald – b.trinn
aug	15.08	kl. 08.00-09.00: oppstartssamling v/ rektor kl. 09.00-10.00: Personalmøte SFO m/SFO-leiar kl. 09.00-10.00: Møte for nyttilsette m/rektor og verneombod kl. 11.30-12.00: Lunsj - denne blir servert kl. 09.00-15.30: Eige arbeid og teammøter med leiinga Rydding i klasserom - sørge for at standard laga 2019 er fulgt	
	16.08	kl. 08.00 -15.30: Førstehjelp og brannvern (kurset startar 8.30 i hhv. aula og tekstilsal). Lunsj blir servert.	
	17.08	kl. 08.00-08.30: felles informasjon kl. 08.30-10.00: Visma flyt timeplan og pedagogisk analyse mtp. 9a-saker kl. 11.30-12.00: Lunsj - ta med matpakke kl. 13.30-14:30 Storsteam kl. 10.00-15.30: Eige arbeid	
	22.08	Årsplanar, fagplanar, prøveplanar etc.	
	29.08	Kompetansepakke frå Udir på godt skulemiljø	
sept	05.09	Modul 0 og 1.	
	12.09		
	19.09		
	26.09		
okt	03.10	10-faktor	
	10.10	Haustferie	
	17.10	Livredning basseng gr. 2/Storsteam u.trinn	
	24.10	Livredning basseng gr.1 /Storsteam b.trinn	
	30.10	Kompetansepakke frå Udir på godt skulemiljø	
nov	07.11	Modul 2 og 3	
	11.11		
	14.11		
	17.11		
	18.11		
	21.11		

	28.11	
des	05.12	
	12.12	Storteam
	19.12	Arbeid med fagplanar - oppdatering og rydding

7.0 Oppsummering

Satsingsområda innan klasseleiing og læreplanarbeid er ikkje avgrensa til skuleåret 22/23, men vil fortsetja framover i fleire år. Utviklingaplanen for dei neste 4 åra skal utarbeidas i løpet av 22/23, og ein ønsker å få behalda klasseleiing som ein paraply på dei satsingsområda ein vel også for den neste perioden.

28.06.2022

Svanhild Gjedrem

Rektor Vikeså skule